



Styret i NDLA

Dato: 30.10.2018
Vår ref.: 2017/3492-9
Saksbehandlar: oydzjem
Dykkar ref.:

Brev til styret i NDLA frå Hordaland fylkeskommune

Viser til brev frå fylkesrådmannen i Hordaland 06.06.2017, lagt ved her på nytt. Etter spørsmål i fylkesutvalet 20.09.2018 vil fylkesrådmannen be det nye styret i NDLA om å sjå på oppmodinga frå Hordaland fylkeskommune på nytt og invitere Oslo kommune inn i samarbeidet NDLA.

Fylkesordføraren fekk dette spørsmålet frå representanten Aud Karin Oen (SV) i møte 20.09.2018:

«NDLA og manglande innbetaling i spleiselaget frå Oslo og private skular.

Hordaland fylkeskommune brukar i 2017 kr 7 869 825 på NDLA. Etter SSB sine opplysningar svarar dette til 17 685 elevar, og det omfattar berre dei som går i den offentlege skulen.

Etter SSB sine utrekningar for Oslo (2016) er elevtalet i vidaregåande skule i Oslo 17 349 (berre den offentlege skulen). Dei inntektene NDLA ville hatt dersom Oslo hadde vore med i samarbeidet, skulle då bli kr.7 720 305, eller nesten det same som Hordaland fylkeskommune betalar.

Dei private vidaregåande skulane har også fri tilgang til NDLA utan å betale.

Spørsmål til fylkesordføraren. Kva kan gjerast med dette?»

Fylkesordføraren har bedt fylkesrådmannen om å gjenta oppmodinga som vart sendt frå Hordaland fylkeskommune 06.06.2017 til styret i NDLA. Kopi av dette brevet vert lagt fram for fylkesutvalet i neste møte som fylkesordførarens svar på spørsmålet frå representanten Oen.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
konst. fylkesrådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.